



DET KONGELEGE  
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Statsråden

Stortingets President

Karl Johansgate 22  
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

Dato

20/73-

14. januar 2020

**Spørsmål nr. 652 til skriftlig tilsvar frå stortingsrepresentant Sverre Myrli til samferdselsminister Jon Georg Dale**

Spørsmål:

"Hva er totalt investeringsbehov/vedlikeholdsbehov pr. desember 2019 på det som da var statlige fiskerihavner, spesifisert for hver havn, summert for hvert fylke (de 11 fra 2020) og totalt for hele landet?"

Svar:

Regjeringa ønsker sterkare regionar, og følger opp Stortinget sitt vedtak om å styrke regionane si rolle i den regionale utviklinga. Ei av oppgåvene dei får overført er fiskerihamneanlegga som tidlegare har vore i staten sitt eige.

Regjeringa har satsa på fiskerihamner. Sjølv om dei fleste fiskerihamneinvesteringane ligg i siste periode av NTP, det vil seie etter 2024, har regjeringa inngått forskoteringsavtaler med kommunar for forskotering for over ein halv milliard kroner.

Med vegreformen frå 2010 friskt i minne, der fylka blei pålagde ansvaret for over 17 000 km riksveg utan at det følgde pengar med, har Kystverket vore opne med fylka om tal på etterslep og vedlikehaldsbehov. Vidare overfører staten i sin heilheit dei ressursane staten har nytta til formålet.

Det er imidlertid vanskeleg å ta desse tala som utgangspunkt all den tid ein del av ressursbruken er til hamneanlegg der det ikkje er næringsaktivitet eller som det vil vere hensiktsmessig å ruste opp til dagens standard.

Som eg har gjort greie for tidlegare har Kystverket bygd ut og hatt ansvar for om lag 300 kaier og 800 moloar. Dette er eit relativt stort tal og Kystverket har ikkje kapasitet til å gjennomføre årlege oppdateringar av tilstandsvurderingar og vedlikehaldsbehov for kvart anlegg. I følgje Kystverket ville det tatt om lag to år å skulle gjennomgå alle anlegga med oppdatering av tilstandsrapportar og vedlikehaldsstatus. Framfor å bruke store ressursar på denne gjennomgangen prioriterer eg at ressursane i Kystverket brukast til å bygge ut infrastrukturen å dermed bidra til betre framkomelighet og sikkerheit på sjøveien,

Det samla anslaget frå 2014 for vedlikehaldsetterslep på kaier og moloar er på 661 mill. kroner. Dette talet er og fordelt på fylkesnivå, som vist i tabellen nedanfor, tala er uvisse men gjer ein viss indikasjon på behovet om alle anlegga skulle verte oppgraderte.

Tabell 1: Oversikt teknisk vedlikehaldsetterslep i undersøking frå 2014.

Tal i 1000-kr

FYLKER	TEKNISK VEDLIKEHALDSETTERSLEP		
	Kaier	Molo	SUM
Troms og Finnmark	40 000	93 000	133 000
Nordland	55 000	156 000	211 000
Trøndelag	35 000	45 000	80 000
Møre og Romsdal	33 000	53 000	86 000
Vestland	35 000	37 000	72 000
Rogaland	10 000	21 000	31 000
Agder	20 000	11 000	31 000
Vestfold og Telemark	6 000	2 000	8 000
Viken	5 000	4 000	9 000
<b>SUM</b>	<b>239 000</b>	<b>422 000</b>	<b>661 000</b>

Det er ein del uvisse knytt til anslaga i tabell 1 ovanfor. Tilstanden på enkelte av anlegga er i dag betre som følgje av Kystverket sine vedlikehaldstiltak som i dei siste åra har vore over 350 millionar kroner. Kystverket har og avhenda fleire anlegg, som trekker i retning av at vedlikehaldsetterslepet er lågare enn dette på det som no vert overført til fylkeskommunane.

Stortinget har i behandlinga av Prop. 84 S (2016-2017) *Ny inndeling av folkevalt regionalt nivå* vedtatt at dei nye fylkesregionane skal overta eigarskapen og forvaltningsansvaret for fiskerihamneanlegg frå 1. januar 2020, og at dette skal skje gjennom avtalar med kvar fylkeskommune. Frå og med 1. januar 2020 er om lag 165 fiskerihamner overførte til Vestland, Rogaland, Agder, Vestfold og Telemark og Viken fylkeskommunar. Etter dette står det att om lag 300 fiskerihamner med statleg eigarskap fram til det blir inngått avtaler med dei resterande fylkeskommunane om overtaking av anlegg.

Det er og lagt til grunn at Samferdselsdepartementet sine budsjettmidlar til statlige fiskerihamneanlegg og tilskotsordninga til kommunale fiskerihamneanlegg vil bli del av rammetilskotet til fylkeskommunane, etter at dei nye fylkesregionane tek over eigarskap og forvaltningsansvar frå staten. Vedlikehaldsetterslep i regionen er ein av nøklane i den regionvise fordelinga av midlane.

Vidare har eg tillit til at fylkespolitikarane vil gjere dei rette prioriteringane når dei no får overført fiskerihamnemidlar over ramma, i tråd med intensjonen i regionreforma og Stortinget si handsaming av denne.

Med helsing

Jon Georg Dale

*Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskreven signatur.*